

**STRATEGISK NÆRINGSPLAN
FOR ÅL 2005-2008**

Vedteke i Ål kommunestyre 17. februar 2005

Føreord

I april 2000 gjorde Hovudutvalet for næring og ressurs (HNR) vedtak om å utarbeide Strategisk næringsplan (SNP) for Ål. SNP 2001-2004 vart vedteke i Ål kommunestyre 19. april 2001. Kommunestyret ba om at alle gjeldande planar for næring og utvikling i Ål vart reviderte samla og lagt fram i ein felles plan i løpet av 2004: "Planprosessen skal avklare kriterier for å velgje ut kva me skal satse på og kva roller kommune og næringsliv skal fylle når det gjeld oppfølging av planen" (sak 32/04). Innbyggjarar og næringsliv vart inviterte med i prosessen. Det var viktig å fange opp signal frå aktørane tidleg. I april arrangerte kommunen og Ål Utvikling AS ope møte. Innspela derifrå vart brukt vidare, i tillegg til framlegg frå høyringsrunden og den politiske handsaminga hausten 2004.

Planane som no er reviderte og slått saman er:

- Strategisk næringsplan 2001-2004
- Tiltaksplan for landbruket
- Beitebruksplan
- Oversiktsplan for skogbruket
- Kommuneplanen for Ål 2002-2014, kapittel 2.5, 2.6, 2.8

Føremålet med revisjonen har vore (kommunestyresak 32/4):

1. *Ein felles plan som kan gå rett inn i kommuneplanen for Ål 2005-2017, økonomiplanen for 2005-2008 og budsjett med handlingsprogram for 2005.*
2. *Forenkla planverk. Planen skal vera oversiktleg og lett å bruke.*
3. *Mål og tiltak skal vera forankra administrativt, politisk og i næringane.*
4. *Klarare prioriteringar i staden for å "ta med alt".*
5. *Vurdere om det er betre å støtte/tilrettelegge for dei som er villige til eigeninnsats i staden for å peike ut nokre næringar som satsingsområde?*
6. *Klar rolledeling kommune (politikarar og administrasjon) og næring.*
7. *Få næringane sjølve til å formulere kva dei ynskjer.*
8. *Bygge på det som har verka bra i gjeldande planar.*
9. *Tilpasse strategiar og tiltak til nye rammevilkår.*
10. *Tydlegare samanheng mellom tekstdel og kartdel, langsiktig og kortsiktig del.*
11. *Realistisk i høve til kva Ål kommune (politikarar og administrasjon) har høve til å følgje opp.*
12. *"Tjuvstarte" med tiltak – ikkje vente på at planen er vedteken dvs. plan og handling parallelt.*

SNP 2004-2008 har ein tekstdel, kartdel og handlingsprogram. Bakgrunnsmateriale finst i vedlegg.

Planen omfattar alt næringsliv i Ål dvs jordbruk, skogbruk, utmarksnæring, handel, industri, bygg/anlegg og service med meir.

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR ÅL 2005-2008
vedteke i kommunestyret 17.02.2005

Planen, som er ein del av kommuneplanen, skal vera styringsdokument for ein heilskapleg næringspolitikk, og legge grunnlag for dei prioriteringar det kommunale tiltaksapparatet gjer i planperioden. I tillegg gjev det næringslivsaktørane signal om den vidare utviklinga.

Handlingsprogrammet listar opp prioriterte tiltak, når dei skal gjennomførast, av kven og til kva kostnad. Handlingsprogrammet er verktøyet for å nå målet. Røynsle gjer at me no legg mykje meir vekt på eigarskap/forankring. For å skape resultat krevst klare eigarar til tiltaka, eigarar med vilje og evne til å gjennomføre. Tiltaksapparatet vil også arbeide for å styrke utviklingsevna i Ål.

Den strategiske delen av planen gjeld for 4 år, medan handlingsprogrammet skal reviderast årleg i samband med budsjetthandsaminga. Visjon og hovudmål vert vurdert revidert samstundes med kommuneplanen, ein gong i kvar kommunevalperiode.

Med ”strategisk” meiner me at planen har klart definerte mål og klare konkrete tiltak for å nå måla. ”Visjonen” skal vera eit samlande og motiverande slagord me kan strekke oss etter. ”Hovudmålet” skal gje retninga for kor me vil, det skal vera langsiktig og målbart med tanke på gjennomføring.

Takk til alle som har kome med innspel og gode råd!

Ål, 6. september 2004

Nærings-/utviklingsavdelinga i Ål kommune

1. Status/utviklingstrekk

Ål har eit allsidig næringsliv, med verksemder innan eksporterande industri, turisme, landbruk, varehandel, transport, treforedling, bygg og anlegg, IKT/media/grafisk, kunnskapskrevjande produksjon og andre tenesteytande verksemder. Ål har ingen hjørnesteinsverksemder men mange små og mellomstore verksemder. Dei største har om lag 50-60 tilsette, noko som er med på å gje kommunen ein robust næringsstruktur. Kommunen har lite ledig næringsareal. I Kleivi Næringspark, felles utbyggingsområde for næringslivet i Ål og Hol kommunar, er det ikkje ledig næringsareal. Ål er den største husdyrkommunen i Buskerud, og har store utmarksressursar.

Ål er regionalt senter for fleire tenesteytande verksemder. Ål kulturhus er regionalt kulturhus med allsidige aktivitetar og fagmiljø. Kommunen har fylkesanlegg for skiskyting og langrenn. Ål er eit senter for fagpersonell innafor helse. Her ligg Luftambulansbasen for indre Sør-Norge og Hallingdal sjukestugu med psykiatrisk og somatisk eining, poliklinikk og legevaktssentral for øvre Hallingdal. Ål folkehøyskole og kurscenter gjer Ål til eit av få kompetansesentra for døve og døvekultur i landet.

Kommunen ligg sentralt plassert i høve til kommunikasjon og det er satsa på kommunikasjonsteknologi, som til dømes Hallingdalsmagneten. Både Bergensbanen og riksveg 7 går gjennom bygda. Planar om utbetring av rv 7 vil gjere vegsambandet til Oslo betre. Blir Nasjonal Transportplan følgd opp, kortast veg og jernbane inn med Sokna-Ørgenvika og Ringeriksbanen. Det interne kollektivtransporttilbodet kunne vore betre.

Næringsutviklinga i Ål kommune er å sjå på som den samla utviklinga i bedriftene i kommunen. NHO /Buskerud fylkeskommune har utarbeidd ein næringslivsindeks basert på dei samla resultatata til bedriftene i regionen og kommunen. Denne indeksen er sett saman av fire variablar: **1)** lønnsmda til bedriftene - målt etter talet på bedrifter som har positivt resultat før skatt, **2)** vekst, målt etter talet på bedrifter som har meir enn 10 % vekst i omsetninga, **3)** talet på nyregistrerte bedrifter og **4)** storleik, målt etter talet på arbeidsplassar i næringslivet sett i høve til folketalet.

Ser ein på indeksen kjem næringsutviklinga i Ål brukbart godt ut, med ein 5. plass i Buskerud. Dette gjev kommunen ein 47. plass i landet. Hemsedal og Gol kommune kjem på 1. og 2. plass i Buskerud og er høgt opp på landsbasis.

Ser ein på lønnsmda til bedriftene i Ål driv 69,4 % av dei med overskot, noko som er på line med gjennomsnittet i Buskerud. God lønnsemd er ein føresetnad for ein sunn næringsutvikling.

Omsetningsveksten i Ål er låg. Det er berre 1,8 % av verksemdene som har hatt ein vekst større enn 10 %. Hemsedal og Gol kommune scorar høgt der med 12,8 og 10,4 % av bedriftene med meir enn 10 % vekst. Bedrifter med vekst er som oftast motorane i næringsutviklinga.

Etableringsfrekvensen i Ål er relativt låg. Måler ein tal nyetableringar i høve til eksisterande verksemder, er han på 7,2 % i Ål mot eit landsgjennomsnitt på 7,5. Hemsedal er på landstoppen med ein etableringsfrekvens på 10,5. Nyetableringar er som oftast små og betyr ikkje så mykje for sysselsetting og vekst på kort sikt. Nye bedrifter bidreg likevel med

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR ÅL 2005-2008
vedteke i kommunestyret 17.02.2005

innovasjon, utvikling og nye folk og er viktig på lang sikt. Nye bedrifter veks også som oftast raskare enn gamle.

Næringslivet i Hallingdal sysselsett 36,3 % av befolkinga i Hallingdal, og kjem dermed på 9. plass på landsbasis. Det er bra. Tal for den enkelt kommune finst ikkje. For meir detaljert informasjon, sjå vedlegg 12.

1.1. Folketalsutvikling og endring i arbeidsplassar

Prosentvis endringar i folketal og arbeidsplassar for kommunane i Hallingdal

	1994	2004	%-vis endringar	1995	2002	%-vis endringar
	Folketal			Arbeidsplassar		
Hallingdal	20022	19957	-0.32 %	9461	10112	6.9 %
0615 Flå	1183	1030	-12.93 %	386	360	-6.7 %
0616 Nes	3413	3467	1.58 %	1467	1480	0.9 %
0617 Gol	4311	4372	1.41 %	2388	2656	11.2 %
0618 Hemsedal	1657	1876	13.22 %	884	957	8.3 %
0619 Ål	4832	4656	-3.64 %	2047	2420	12.3 %
0620 Hol	4626	4556	-1.51 %	2289	2239	-2.2 %

Frå 1994- 2004 har folketalet i Ål vorte redusert frå 4832 til 4656. Dette er ein reduksjon på 176 personar, eller 3,6 %, på ti år. Fram mot 2020 er det rekna ut at folketalet vil bli redusert til 4609. Dette er ein reduksjon på 46 personar sett i forhold til 2004. Det er ingen dramatisk reduksjon, men dersom fråflyttinga aukar meir enn det som er rekna ut, må kommunen vurdere mottiltak.

Talet på nye arbeidsplassar i kommunen har auka med 18,2 % frå 1995 sjølv med fleire nedleggingar i kommunen.


Endring i alderssamansetning frå 1994-2004:

	1994	2004	Differanse
0-24 år	1611	1491	-120
25-34 år	599	508	-91
35-44 år	660	632	-28
45-69 år	1239	1350	111
70-79 år	451	390	-61
80 år +	272	285	13

Ser ein på reduksjonen i folketalet, er reduksjonen størst i aldersgruppene 0-24 år, 25-34 år og 35-44 år med til saman 239 personar, medan aldersgruppa 45-69 år har auka med 111 personar. Dette kan tyde på ei utvikling der Ål får relativt fleire eldre innbyggjarar. I Ål ligg andelen personar over 67 år på 17-18 %, medan gjennomsnittet for Buskerud og resten av landet er 13-14 %. Dette er ei negativ utvikling som ein òg finn i mange andre kommunar.

1.2. Sysselsette etter næring

Framleis sysselset offentlig sektor flest personar i kommunen. Det har og vore ein auke innan bygg og anleggsbransjen og innan finans og forretningsmessig tenesteyting. Det har vore ein reduksjon innan landbruket, industri og bergverk og transport og kommunikasjon.



	1990	1995	2002
1 Jordbruk, skogbruk og fiske	294	218	207
2 Industri og bergverksdrift	235	239	195
3 Kraft- og vassforsyning	17	18	20
4 Bygg- og anlegg	203	168	367
5 Varehandel, hotell- og restaurant	311	345	343
6 Transport og kommunikasjon	224	151	146
7 Finans og forretningsmessig tenesteyting	49	67	95
8 Offentlig forvaltning og anna tenesteyting	633	835	919

1.3. Arbeidsløyse

Ål har hatt låg arbeidsløyse dei siste åra. I 2003 var det 26 arbeidsløse i kommunen fordelt på 17 menn og 9 kvinner. Dette utgjør om lag 1,0 % arbeidsløyse.

1.4. Grad av pendling

Omlag 23 % av arbeidstakarane busett i Ål pendlar ut av kommunen. I 2003 var det 602 personar som pendla ut og 552 personar som pendla inn til kommunen. Gjennomsnittet for dei fem siste åra syner at det er 49 fleire som pendlar ut av enn inn i kommunen. Det syner oss at Ål er ei god bukommune og at det er viktig å tenkje på arbeidsmarknaden som regional og at utviklinga av denne marknaden er viktig for Ål.

1.5. Ål Utvikling

Ål Utvikling AS er eit næringsutviklings- og destinasjonsselskap for Ål og næringslivet i Ål. selskapet vart etablert våren 1998 etter initiativ frå Hovudutval for næring og ressurs og har pr. dd. 97 aksjonærar. Av desse er 87 verksemder fordelt på reiseliv, handel, industri, bygg og handverk og tenesteytande næringar. Samla omsetnaden for medlemsverksemdene er på om lag 500 mill kroner.

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR ÅL 2005-2008
vedteke i kommunestyret 17.02.2005

Inntektene til selskapet kjem frå offentleg tilskot, bidrag frå aksjonærar, prosjektfinasiering og salsinntekter/provisjon. Bidraget frå aksjonærane har vore noko variabel, men er no kr 450.000 pr. år. Det årlege kommunale tilskotet på kr 782.000 har vore fast sidan oppstarten. Selskapet har hatt noko bortfall av inntekter knytt til tilskotsordningar frå fylkeskommunen, annonsesal og nedleggingar. Ved etablering av selskapet fekk selskapet eit etableringstilskot frå kommunen. Selskapet har ei stor utfordring i å rekruttere nye aksjonærar og skaffe meir driftsinntekter.

1.6. Oppsummering

Ål har eit næringsliv som treng å stimulerast til vekst og nyetableringar. Det har likevel vore ei auke i talet på arbeidsplassar dei siste 10 åra som kan tyde på at eksisterande næringsliv skaper nye arbeidsplassar. Reduksjon i folketalet kan gå ut over næringsutviklinga, ferre unge og fleire eldre kan gje "forgubbing" og bli eit hinder for næringsutviklinga. Det er viktig at Ål Utvikling har eit inntektsgrunnlag slik at dei framleis kan vera ein aktiv medspelar i næringsutviklinga i kommunen. Ål har felles bu-, arbeids- og handelsmarknad med nabokommunane i Hallingdal. Dette gjer det viktig også å fokusere på regional næringsutvikling.

God næringsutvikling kan snu nedgangen i folketal og skape optimisme og bulyst!

2. Visjon

Næringsliv med optimisme og gjennomføringsevne i Ål

Politikarar og kommuneadministrasjonen, dvs. tiltaksapparatet i Ål kommune, ynskjer å bidra til at Ål har eit næringsliv prega av optimisme og gjennomføringsevne. Mange av tiltaka i planen går difor ut på å styrke gjennomføringsevna hjå næringslivet i Ål og formidle ei grunnhaldning av optimisme.

3. Mål

Ål kommune ønskjer å ha ein klar profil på næringsarbeidet, med auka informasjon og involvering frå lokalt næringsliv og innbyggjarar. Det er difor viktig med mål som er konkrete og målbare, og med strategiar og tiltak som heng saman. (Nummereringa av måla er å finne at i planens handlingsprogram, kap 5)

3.1. Hovudmål

- 1. Ål skal vere ein næringsvennleg kommune som legg til rette for samarbeid og etablering av arbeidsplassar. Ål skal i framtida ha eit variert og robust næringsliv med evne til berekraftig¹ utvikling.**
- 2. Ål skal nytte naturressursane² i kommunen og sikre berekraftig bruk av dei.**

3.2. Delmål

1.1 Arbeidsplassar

Det overordna målet for næringsutviklinga i Ål er å skape arbeidsplassar gjennom:

- 1.1.1 etablering av fleire arbeidsplassar i eksisterande verksemder (knoppskyting)
- 1.1.2 sikre eksisterande arbeidsplassar
- 1.1.3 etablering av arbeidsplassar gjennom nyetableringar (gründerar).

1.2 Variert og robust næringsstruktur

Med breiare og meir robust næringsstruktur meiner me eit næringsliv som er:

- 1.2.1 nyskapande – d.v.s. har evne til å fornye verksemda si med nye tenester, nye produkt og/eller nye marknader
- 1.2.2 solid økonomisk – d.v.s. solid økonomi målt opp mot eigenkapital og soliditet. Slike verksemder vil ha betre føresetnader for utvikling og omstilling. Eit slikt næringsliv vil gjerne ha eigarar med lokal forankring med større tilgang til lokal privat utviklingskapital
- 1.2.3 har tilgang til god infrastruktur

1.3 Styrke utviklingsevna/utviklingskompetansen i Ål

Med styrka utviklingsevne og -kompetanse meiner me:

- 1.3.1 auka involvering og utnytting av ressurspersonar frå næringslivet og klargjering av roller og ansvar politisk og administrativt
- 1.3.2 kompetanseoppbygging og motivasjons- og haldningsskapande arbeid dvs. å tilrettelegge fleire arenaer for læring og erfaringsutveksling, samarbeid og utvikling på tvers av næringane, nettverksbygging, utvikle samarbeidslust og evne, utvikle trua på at det nyttar ved å få til resultat i lag, vera dyktige på prosjektjobbing
- 1.3.3 større evne til strategisk arbeid, prioritert innsats og gjennomføringsevne
- 1.3.4 styrka kompetanse m.o.t. prosjektutvikling og -styring

¹ Me berekraftig meiner Ål kommune ei utvikling som tilfredsstillar dagens behov utan å øydeleggje vilkåra for at framtidige generasjonar kan få tilfredsstillt sine behov, ved å ta omsyn til:

Berekraftig produksjon og ressursforvaltning
Redusert ressursforbruk
Auka bruk av fornybare ressursar
Grøn innkjøpspolitikk
Attbruk og attvinning

² Dyrka og dyrkbar mark, beite, produktiv skog, verdfulle naturområde, viktige leveområde for vilt osv

1.4 Samarbeid og nettverksbygging

Ål kommune skal arbeide med å styrke samarbeid og nettverksbygginga i Ål og regionen. Dette skal skje:

- I regionen mellom offentlege organ
- Mellom bransjar
- Mellom næringsliv og FoU/kompetanse
- Mellom offentlege og private aktørar
- Gjennom heile verdikjeda (t.d. frå stubbe til stugu) og mellom same ledd i verdikjeda (t.d. mellom produsentar)

1.5 Eit landbruk som driv berekraftig ressursforvaltning og langsiktig verdiskaping

Med dette meiner me jordbruk, skogbruk og utmarksnæring som:

- 1.5.1 nyttar alle ressursane på garden i primærnæringane og tilknytte næringar
- 1.5.2 tek vare på kulturlandskapet og tradisjonane knytt til landbruket
- 1.5.3 produserer varer og tenester av høg kvalitet
- 1.5.4 aukar bruken av fornybare ressursar
- 1.5.5 utviklar arbeidsintensive utmarksprodukt
- 1.5.6 aukar lokal vidareforedling (frå jord til bord, frå stubbe til stugu)

Difor må Ål kommune:

- 1.5.7 sikre ei arealdisponering som opprettheld produksjonsgrunnlaget
- 1.5.8 medverke til at landbruket har pårekelege rammevilkår

4. Verkemiddel og strategiar for bruk av desse

Ål kommune har mange verkemiddel til rådvelde i arbeidet med næring og utvikling: planverk, lover og regelverk, kommunale tenester, næringspolitikk og tilskotsordningar. Dei må nyttast strategisk og planmessig for å nå måla. I tillegg kan kommunen spele på eksterne aktørar og samarbeidspartar.

4.1. Planverk

Kommuneplanen for Ål, som SNP er ein del av, viser korleis kommunestyret i Ål ynskjer at innbyggjarar, næringsliv, politikarar og kommuneadministrasjonen saman skal skape eit attraktivt lokalsamfunn med eit rikt og variert kultur- og næringsliv og ein trygg oppvekst og alderdom.

4.2. Lover og regelverk

Ål kommune ynskjer å vera pårekeleg og løysingsorientert, gje rask og korrekt handsaming og nytte det handlingsrommet lovverket gjev.

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR ÅL 2005-2008
vedteke i kommunestyret 17.02.2005

Tabellen under summerer opp det viktigaste regelverket me må halde oss til i samband med næringsutvikling og gjev stikkord for korleis Ål kommune sin praktisering skal vera:

Lovverk	Stikkord for føremål og innhald
Plan- og bygningslova	Gjeld all bruk av areal, stiller krav til bygningar. Arealdelen av kommuneplanen deler inn arealet i Ål i ulike soner (t.d. hytteområde, fortettingsområde for hytter, område for bustadutbygging, industriområde og landbruks- og friluftsområde). Areal til næringsverksemd må vera godkjent til føremålet. Kommunen avgjer etter søknad t.d. byggeløyver og reguleringsplanar. Lova inneheld m.a detaljerte krav til høyringsfristar. Vert praktisert slik at enkle tiltak berre har meldeplikt.
Jordlova Jordlova § 12 4. ledd seier kva ei driftseining er: Registermemningar som har same eigar og som ligg slik til at dei er egna for å drivast saman blir rekna som ei driftseining	Lova regulerer m.a. frådelling og omdisponering av dyrka og dyrkbar mark. I delingssaker blir det lagt vekt på å sikre og samle ressursane for noverande og framtidige eigarar. Omsynet til arbeid, busetjing, tenleg bruksstruktur og driftsmessig gode løysingar er òg viktig å vurdere i delingssaker. I saker som gjeld omdisponering blir det lagt vekt på å sikre verdfulle landbruksareal i eit langsiktig perspektiv. <i>For oppdeling av ei driftseining krev Ål kommune ein samla plan for vidare arealdisponering for alle delar av driftseininga.</i>
Konsesjonslova	Føremålet med konsesjonslova er å verne produksjonsareala i landbruket og å sikre gagnlege eigar- og brukstilhøve, dvs. friviljug rasjonalisering som gjev driftsmessig gode løysingar og kostnadsreduksjon i landbruket. I Ål er det 0-konsesjonsgrense dvs. at dei fleste som skal overta/kjøre fast eigedom må søkje om konsesjon (overdraging til familie kan skje på eigenerklæring).
Odelslova	Inneheld m.a. reglar om bu- og driveplikt. Bu- og driveplikta vert praktisert strengt. Unntak: samanslåing av eigedomar og når søkjars livssituasjon tilseier at det må takast særskilde omsyn.
Skogbrukslova	Føremålet med lova er å fremje skogproduksjon, skogreising og skogvern. Rasjonell skjøtsel skal sikre tilfredsstillende resultat for næringsutøvarane og sikre effektiv og jamn råstofftilførsel til industrien. Skogens verdi som rekreasjonskjelde for folk, som viktig del av landskapsbiletet, som livsmiljø for planter og dyr og som område for jakt og fiske skal òg vektleggast.

4.3. Kommunale tenester – Ål ein næringsvennleg kommune

Ål skal vera ein næringsvennleg kommune. Med dette meiner me at kommunen skal yte tenester som næringslivet er nøgd med: høvelege krav og forventingar, rask sakshandsaming, god rådgjeving og informasjon m.m. Tenestene skal vera i tråd med resultatata og etterarbeidet av undersøkinga "Næringsvennlege Ål". Næringslivet kan rekne med at kommunen legg til rette for at næringsdrivande kan få rettleiing og rask avklaring av naudsynte godkjenningar for å utvikle verksemda og/eller starte ny verksemd.

I tillegg kjem gode kommunale tenester som barnehage, skule, helse, vassforsyning, vegvedlikehald og kulturtilbod for å sikre bulyst og dermed tilgang på kvalifiserte arbeidstakarar. Tilgang på sentrumsnære bustad- og næringsstomter som ein viktig føresetnad for næringsutvikling.

Ål kommune kan i næringsarbeidet vere pådrivar, samtalepartner, rettleiar, samarbeidspartner, osv, og kan yte ressursar, men det må aldri vere tvil om at arbeidsplassane blir skapt av og for næringslivet. Kommunen ynskjer å samarbeide om og stimulere til prosjekt og tiltak med forankring i eit utviklingsorientert næringsliv, og fremje samarbeid mellom offentlege og private aktørar. Difor vil kommunen støtte dei verksemdene og dei prosjekta som har eit utviklingspotensial i tråd med målsetjingane, og som sjølve ynskjer å realisere potensialet sitt.

4.4. Politisk påverknad/arbeid

Teksten blir eit resultat av politisk handsaming. (Stikkord: Påverke for å betre rammevilkåra for næringslivet og i andre viktige saker for næringslivet – vera pårekelege)

4.5. Fond

Ål kommune har følgjande fond: næringsfond, jordbruksfond, fiskefond, viltfond og arrangementsfond.

4.5.1 Bruk av næringsfond, jordbruksfond, fiskefond og viltfondet i Ål

Føremålet med næringsfondet er å stimulere til nyskaping, nyetablering, knoppskyting, kompetanseheving eller andre utviklingstiltak tufta på varige og lønsame arbeidsplassar og verksemdar i samsvar med Strategisk næringsplan sine mål og satsingsområde.

Tilskot kan gjevast til bedriftsutvikling innanfor alle næringar:

- Planlegging og etablering av ny verksemd/knoppskyting
- Produkt- og idéutvikling
- Marknadsføring/marknadsanalyse (ny marknad eller nytt produkt)
- Opplæring/kompetanseheving i samband med utviklingstiltak
- Fellestiltak og samdrift

Tiltak skal prioriterast slik:

1. Tiltak som gjev auka sysselsetting i eksisterande bedrifter (knoppskyting)
2. Tiltak som gjev auka sysselsetting gjennom nyetableringar (gründerar)
3. Tiltak som sikrar eksisterande arbeidsplassar

Det er ein føresetnad at tiltaket gjev betring i lønsemda for bedrifta.

Tilskot kan løyvast til kommunalt tiltaksarbeid:

Føremålet er å stimulere til omstilling og utvikling av næringslivet i kommunen. Dette kan gjerast gjennom særskilte prosjekt der kommunen har ei rolle som initiativtakar, medspelar eller tilretteleggjar for samarbeid mellom ulike bedrifter og organisasjonar m.fl. i kommunen og regionen. Prosjekta skal ha bakgrunn i næringslivet sine reelle behov eller kommunen sitt behov for å utvikle og leggje til rette for auka næringsverksemd i kommunen/regionen.

Det kan gjevast inntil 100% tilskot av totalt kostnad for prosjektet.

Frå og med 2005 kan ikkje tiltak/prosjekt som søkjer om finansiering frå næringsfondet, allereie vera gjennomført før søknaden blir fremja. Det blir ikkje gjeve tilskot til investering i lett omsetbare produksjonsmidlar, driftsmidlar eller lokale til utleigeverksemd.

Formannskapet fordelar 90% av midlane (kr 1.485.000). Resten av midlane (kr. 165.000) kan

fordelast av ordførar og administrasjonen på fleire mindre prosjekt/tiltak i samsvar med målsetjingane i strategisk næringsplan. Formannskapet bør ikkje løyve meir enn maks. 25% av midlane i kvar søknadsomgang (kr 371.250).

4.5.2. Jordbruksfondet

Jordbruksfondet utgjer kr.2 800 000. Avkastinga skal vera øymerkt tilskot til einskildpersonar som har landbruk som yrke, eller til fellestiltak som har til føremål å fremja landbruksnæringa i Ål (jf delmåla i Strategisk næringsplan). Ål kommune vektlegg sysselsettingsverknaden og skil ikkje mellom heiltids/deltidsbønder. Avkastinga er stipulert til kr. 128 000 i året.

4.5.3. Fiskefondet

Fiskefondet utgjer kr. 280 000 av grunnkapitalen (stipulert sum), innbetalt av Oslo Energi A/S i medhald av pkt. 17 i konsesjonsvilkår for regulering av Ustefalla av 15.06.1962. Avkastinga skal vera øymerkt kultiveringstiltak for betring av fiske i vatn og vassdrag i Ål. Avkastinga er stipulert til kr. 15 000 i året. Det kan maksimalt gjevast tilskot tilsvarande 40% av kostnadsoverslaget for tiltaket.

4.5.4. Viltfondet

Føremålet med kommunalt viltfond er å skapa økonomisk bakgrunn for å fremja viltforvaltninga i kommunen.

Fondet kan brukast til:

- tiltak for å fremje viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommunar gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersonar eller kommunen sjølv.
- å dekke kommunens utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.
- tiltak for å førebygge skader på landbruksnæring voldt av hjortevilt.

4.5.5 Arrangementsfondet

Arrangementsfondet i Ål er på kr. 75.000 pr år og skal nyttast til større arrangement som har marknadsføringsverdi for Ål. Alle lag og organisasjonar som har teke på seg store arrangement kan søkje, men det blir berre gitt tilskot til kvart arrangement ein gong.

4.6. "Statlege tilskotsordningar" innan landbruk

Forskrifter om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket og tilskot til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar. Forvaltingsansvaret for desse økonomiske verkemidla vart overført til kommunen frå 2004. Det er utarbeidd tiltaksstrategi for bruken av midla (sjå vedlegg 8). Frå og med 2005 vert nokre av tilskotsordningane som før vert utbetalt via produsjonstilskotet til alle som oppfyllte vilkåra overført til eit sokalla i Regionalt miljøprogram (RMP) med eigne søknadsordningar.

4.7 Økonomiske verkemiddel i skogbruket

4.7.1 Rentemidlar skogavgift

Årlege renter av inneståande skogavgift skal budsjetterast og nyttast etter nærare fastsette føresegner. Kommunen disponerer 23% av årleg renteavkasting.

4.7.2 Skogavgiftsrekneskapen (Skogfondet)

Påbøden fondsavsetjing ved sal av tømmer, må setjast av mellom 4 % - 40 % av tømmerets bruttoverdi. Ved bruk av fondet til langsiktige investeringar attende i skogen vil ein oppnå skattefordel på 60% dvs. at 40% av investeringa vert rekna som inntekt.

4.8 Andre viktige aktørar si rolle:

4.8.1 Næringslivet

I arbeidet med næringsutvikling i kommunen har næringslivet sjølv ansvar for utvikling av eiga verksemd. Det er næringslivet sjølv som må skapa nye arbeidsplassar. Verksemdene bør difor bidra til og initiere bransjemessig samarbeid, for å sikre og styrke fagmiljøa innan dei ulike bransjane.

4.8.2 Hallingskog

Hallingskog er eit samarbeidsorgan der Viken skogeierforening, alle skogeigarlaga og kommunane i Hallingdal samt fylkesskogsjefen i Buskerud er representert. Nettverk for skogbruket i Hallingdal der felles strategiar og tiltak vert drøfta for å nå måla som er sett. Gjennomføring av fellestiltak for Hallingdal skjer i regi av Hallingskog, til dømes informasjonstiltak og verkemiddelstrategi.

4.8.3 Ål Utvikling:

Ål Utvikling skal utvikle, leggje til rette for og marknadsføre tilbod som Ål-samfunnet har, med sikte på at auka kjennskap og aktivitet vil styrke næringslivet og gjere Ål til ein betre kommune å bu i. Selskapet skal ikkje ha erverv til formål. Arbeidsoppgåvene/tiltaka skal i stor utstrekning vera til nytte for aksjonærane og i selskapet sin handlingsplan for 2004 er følgjande 4 arbeidsoppgåver prioritert:

1. Turisme/reiseliv
2. Allmenne oppgåver
3. Arrangement
4. Industri, bygg og anlegg

Drift av turistinformasjon og turløypenettet kjem i tillegg til dette.

Ål Utvikling si rolle i næringsutviklinga vil vera knytt til arbeidsoppgåvene som er nedfelt i handlingsplanen, m.a. bidragsytar i større kommunale og private utviklingsprosjekt/planar, marknadsføring av reisemål Ål, produktutvikling ved å initiere tiltak og påpeike behov, og vera næringslivets talerør/diskusjonspartner i kommunale næringslivssaker. Ål Utvikling skal delta i styringsgruppa for Omstillingsprogrammet for Ål kommune så lenge dette er aktivt. (fram t.o.m. 2005).

4.8.4 Hallingdal Etablerarsenter

Hjå Hallingdal Etablerarsenter kan personar få etablerarhjelp og annan bedriftsrådgeving. Dei som har ein forretningside, ynskjer å starte eige firma, eller treng hjelp til finansiering kan få gratis rådgeving der.

Ål kommune vil satse vidare på etablerarsenteret både økonomisk og ved å sende moglege etablerarar dit for rådgeving.

4.8.5 Innovasjon Norge og Buskerud fylkekommune

"Innovasjon Norge skal fremme lønnsom næringsutvikling i heile landet, og være med på å løse ut ulike distrikts og regioners næringsmessige muligheter gjennom å bidra til innovasjon,

internasjonalisering og profilering.” Innovasjon Norge har eit omfattande tilbod av produkt og tenester retta mot norsk næringsliv, og særskilt entreprenørar og små og mellomstore verksemdar.

”Fylkeskommunen skal legge til rette for næringsutvikling gjennom planer, prosesser, prosjekt og tiltak i første rekke på tvers av kommune- og fylkesgrenser.” Utviklingsavdelinga i fylkeskommunen sitt virkefelt er omfattande og kan gjelde t.d. nyskappingsprosjekt, samfunnsomstilling, næringslivsorientert transport, infrastrukturplanlegging, stadsutvikling og kulturbaserte tilbod. Kompetanse er spesielt viktig for nærings- og samfunnsutviklinga; utviklingsavdelinga samarbeider difor med fylkeskommunen si eiga utdanningsavdeling (vidaregåande skular og opplæringsentra) og Høgskolen i Buskerud. Kommunane er fylkeskommunen sine primærpartnarar i utviklingsarbeidet, og fylkesplanen er retningsgevande for arbeidet. Regionalt prioriterte prosjekt er å finne i Fylkesplanens handlingsprogram (tidlegare kalla regionalt utviklingsprogram "RUP").

(www.bfk.no og www.invanor.no)

Ål kommune skal vera dørpar og freiste å få størst mogleg del av utlyste midlar til nytte i Hallingdal/Ål.

4.8.6 Regionrådet

Er eit politisk samarbeidsorgan for dei seks kommunane i Hallingdal. Ordførarane i Hallingdal utgjer regionrådet som skal vera eit samarbeids- og interesseorgan for deltakarkommunane. Det skal arbeide for å utvikle regionen med særleg vekt på nokre prioriterte satsingsområde og det skal ta vare på regionen sine interessene andsynes fylke, stat og andre organ på region-, fylke- og riksplan. (www.hallingdal.net)

4.8.9 Fjellregionsamarbeidet

4.8.10 Fjell og fjordferie (no Opplev Hallingdal)

4.8.11 Ål vidaregåande skule, Gol vidaregåande skule og Ål ungdomsskule

Ål ungdomsskule har fast prosjekt med elevbedrift for at alle elevar skal ha prøvd å drive eige næringsverksemd. Dei vidaregåande skulane i regionen tilbyr utdanning tilpassa det lokale næringslivet og gjennomfører prosjekt innan ”entreprenørskap”.

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR ÅL 2005-2008
vedteke i kommunestyret 17.02.2005

5. Handlingsprogrammet

Handlingsprogrammet i Strategisk næringsplan er ein oversikt over delmåla med ynskt resultat, kva for tiltak som skal gjennomførast når og kven som har ansvaret for gjennomføringa. Handlingsprogrammet skal rullerast og godkjennast kvart år.

Delmål og ynskt resultat	Kva skal gjerast? (Tiltak)	Når?	Ansvar/ eigarskap	Kostnad/ finansiering
1.1 Arbeidsplassar - Skape 10 nye arbeidsplassar i året	a. Prioritere arbeidsplassar ved tildeling av midlar frå næringsfondet. b. Sikre gjennomføringa av tiltak i Omstillingsprogram c. Vurdere kommunal innkjøpspolitikk (samanlike kost og nytte ved lokale innkjøp mot deltaking i sentrale innkjøpsordningar).	Årleg 2005-6 2005	Formannskapet Styret for omst prgm Adm/f-skap	
1.1.1 etablering av fleire arbeidsplassar i eksisterande verksemder - Knoppskyting i 3 eksisterande verksemder	a. Gjennomføre prosjekt SMB- utvikling (Små og mellom-store bedrifter utvikling).	2005	Styret for omst.prgm /Deltakar-bedriftene	
1.1.2 sikre eksisterande arbeidsplassar - Tal liggedøgn på private hytter aukar og bruk av lokal handels- og servicetilbod aukar - Oppretthalde eller auke tal "varme" senger	a. SMB- utvikling b. Vidareføre reiselivsprosjektet c. Gjennomføre ei forstudie "Frå vinterfóra sau til vinterfóra hyttefolk" d. Ta stilling til om www.hytteveilederen.no skal gjelde som Ål sin hyttepolitikk	2005 2005 2005-06 Utført	Styret for omst prgm /Deltakar-bedriftene Adm/Ål Utvikling Kommunestyret	
1.1.3 etablering av arbeidsplassar gjennom nyetableringar (gründerar) - Minst 2 nyetableringar registrert i Ål	a. Gjennomføre prosjekta i omstillingsprogrammet b. Årleg støtte til Hallingdal etablerarsenter c. Oppfølging av etablerarar d. Avklare om Torpomoen kan få status som "Veksthus" e. Klargjera og regulere nye næringsstomter	2005 Årleg Årleg 2005 2005-06	Deltakerane (Torpomoen AS, Formannskapet Hall. etablerar senter/Avd n&u Ål kommune/ Torpomoen Teknisk	Kr 35'

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR ÅL 2005-2008
vedteke i kommunestyret 17.02.2005

<p>1.2 Variert og robust næringsstruktur</p> <ul style="list-style-type: none"> - Mint 10 % av verksemdene med meir enn 10 % vekst i omsetninga - 75 % av verksemdene i Ål driv med overskot - Oppretthalde tal årsverk i landbruket - Oppretthalde tal personar med hovudinntekta frå landbruket 	(Sjå tiltak under 1.1.)			
<p>1.3 Styrke utviklingsevna i kommunen</p> <ul style="list-style-type: none"> - Auke utviklings- og gjennomførings kompetansen i næringslivet - > 60% nøgde brukarar av kommunale tenester for næringslivet - Årleg evaluering av bruken av verkemidlane. - Minst 1 suksessomtale i media frå Ål kvar månad. 	<ul style="list-style-type: none"> a. Kartlegge kompetansebehovet hjå næringslivet med tanke på å arrangere skreddarsydde kurs. b. Gjennomføre kurs i bruk av media c. Gjennomføra kurs i lobbyverksmed d. Administrasjonen og politikarar oppsøke verksemdar e. Rutine for oppfølging av tiltak som har fått kommunal støtte 1 år og 5 år etter gjennomføring . f. Få tak i statlege og andre prosjektmidlar til prosjekt i Ål g. Følgje opp resultat og forbetringstiltak frå Næringsvenlege Ål? h. Faste møte mellom næringsavd og Ål utvikling. Bruke selskapet som eit fast bindeledd mot næringslivet 	<ul style="list-style-type: none"> 2005 2005 2005 Årleg Årleg Årleg 2005-06 Årleg 	<ul style="list-style-type: none"> Avd. næring&u Avd. n&u Formannskap Formannskap Adm/poli-tikarar Avd. næring&u Avd. næring&u Rådmann Avd. næring&u 	<ul style="list-style-type: none"> 10' 20' 20'
<p>1.4 Samarbeid og nettverksbygging</p> <ul style="list-style-type: none"> - Minst 6 frukostmøte årleg - Minst 20 deltakerer frå næringslivet på inspirasjonstur - Minst 5 nye organiserte nettverk mellom næringsdrivande innan 2008. - Minst 8 Bondekafear årleg - Minst 2 markdagar årleg - Årleg kurs for nye bønder i Hallingdal - Oppdatert oversikt over kva skjer innan næringsutvikling statleg, i fylket, regionen VBT og i Hallingdal 	<ul style="list-style-type: none"> a. Gjennomføre frukostmøte med aktuelle tema b. Felles årleg inspirasjonstur for næringsliv, administrasjon og politikarar c. Halde fram å arrangere "Bondekafe" og markdagar. d. Årleg arrangement for "Hallingdals-ambassadørar" e. Regelmessig infoflyt mellom Hallingdal Etablerarsenter, DBC næringshage, regionrådet og kommunane f. Kvartalsvis nytt frå næring og utvikling g. Gjennomføre eige prosjekt for å utvikle Ål som 	<ul style="list-style-type: none"> Årleg Årleg Årleg Årleg Årleg 4 g i året 2005 	<ul style="list-style-type: none"> Ordf/Ål Utvikling Ordførar Faglaga/kommunane i Hallingdal Regionråd/Ordførar Avd næring&u Avd næring&u/Ål Utvikling Ål Utvikling 	<ul style="list-style-type: none"> 20' 40'

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR ÅL 2005-2008
vedteke i kommunestyret 17.02.2005

<ul style="list-style-type: none"> - Auka besøkstal på arrangement i Ål og auka ringverknad i kr pr år - Minst ein skogbruksfaktur årleg - Minst 20 deltakerar frå skogbruksrelatert næringsliv på fagtur - Minst eit skogforum årleg - Årleg skogdag for 9 klassane i Hallingdal 	<p>arrangementskommune</p> <p>h. Vidareføre samarbeid og kompetanseheving mellom næringsutøverane og skogoppsynet i kommunen/ Hallingdal.</p> <p>i. Kartlegge helse- og sosialsektoren i Hol/Ål sine behov for "Grøn omsorg" tilbod</p>	<p>Årleg</p> <p>Årleg</p> <p>2005</p>	<p>Hallingskog Ål kommune/ skogeigarlag</p> <p>Hol/Ål prosjekt- gruppe</p>	
<p>1.5 Landbruk som 1.5.1 nyttar alle ressursane på garden i primærnæringane og tilknytte næringar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Opprettheld dagens nivå på produksjon av mjølk, kjøt og tømmer - Minst 2 gardsbruk i Ål tilbyr "Grøn omsorg" tilbod innan 2007 - Minst 5 gardsoverdragingar/år - Mindre enn 2 % gardsbruk utan fast busetnad - Forynging av all skog etter hogst - Oppfølging av aktuelle tiltak frå Beitebruksplanen 	<p>a. Info og rådgjeving</p> <p>b. Bruke jordbruksfondet, SMIL-midlar og økonomiske verkemiddel i skogbruket i samsvar med strategisk næringsplan</p> <p>c. Systematisk kontroll med om buplikta vert overhalde.</p> <p>d. Ta initiativ til felles prosjekt i Hallingdal med kartlegging av "ledige gardsbruk".</p> <p>e. Utarbeide ei sjekklister til hjelp for bønder som planlegg utbygging av driftsbygningar og/eller som søker om tilskot frå Innovasjon Norge og BU-midlar.</p> <p>f. I saker som gjeld fritak frå bu- og driveplikt bør kommunen vurdere om det skal setjast vilkår om at innmarksbeite på garden skal nyttast og gjerde skal haldast i hevd dersom dette fremmar odelslovas formål. Det må gå tydeleg fram kven som har ansvar for gjerdene.</p> <p>g. Informere om bandtvangstid i Ål og kvifor det er viktig å overhalde den (Ål-guiden, "Hytta vår", heimesida til Ål kommune).</p> <p>h. "Invitere oss" til årsmøte i næringsorganisasjonane for å gå gjennom tiltaka i beitebruksplanen og klarlegge roller og kva tiltak som skal prioriterast kvart år.</p>	<p>Årleg</p> <p>Årleg</p> <p>Årleg</p> <p>2005</p> <p>2005</p> <p>2005</p> <p>Årleg</p> <p>Årleg</p>	<p>Avd næring&u Avd næring&u/ eige nemd for bruk av SMIL- midlane</p> <p>Avd næring&u</p> <p>Avd næring&u/ Hallingdals- kommunane Avd næring&u</p> <p>Avd næring&u/ Sektorutval for teknisk, næring og ressurs</p> <p>Avd næring&u</p> <p>Avd næring&u</p>	
<p>1.5.2 tek vare på kultur -</p>	<p>a. Bruke jordbruksfondet,</p>	<p>Årleg</p>	<p>Avd næring&u/</p>	

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR ÅL 2005-2008
vedteke i kommunestyret 17.02.2005

landskapet og tradisjonane knytt til landbruket - Minst 8 innvilga søknadar om SMIL-tiltak/år	SMIL-midlar		eige nemd for bruk av SMIL-midlane	
1.5.3 produserer varer og tenester av høg kvalitet - 10 % av dyrka marka drive økologisk innan år 2008	a. Oppretthalde årleg tilskot til Hallingdal forsøksring b. Formidle rådgjeving om Gratis førsteråd for økologisk drift c. Oppretthalde og auke aktiviteten innan skogkultur med tanke på å produsere optimalt virke jf. volum og kvalitet	Årleg Årleg Årleg	Formannskapet Avd næring&u Avd næring&u/ Hallingskog	
1.5.4 aukar bruken av fornybare ressursar - Bioenergi i minst 3 kommunale bygg innan 2008. - Bioenergi i minst 4 nye hyttefelt innan 2008	a. Framlegg til stimuleringsordning for investering i bioenergi utarbeidd og politisk handsama.	2005	Adm/ Kommunestyret	
1.5.5 utviklar arbeidsintensive utmarksprodukt - Minst 1 infomøte om utmarksnæring - Minst 2 nye arbeidsintensive utmarksprodukt tilgjengeleg i Ål innan 2008 - Meir komersiell utnytting av jakt, fiske og/eller naturoppleving	a. Tema møte i faglaga: Synleggjera moglegheiter innanfor utmarksnæring	2005	Avd. næring&utv	Kr 5'
1.5.6 aukar lokal vidareforedling (frå jord til bord, frå stubbe til stugu)	a. Etterspørre og gjera kjent vegvisar for lover/reglar som gjeld	2005	Matforsk/ Norsk gardsmat/ Mattilsynet	
Ål kommune medverke til at landbruket: 1.5.7 får sikra ei arealdisponering som opprettheld produksjonsgrunnlaget - Minst 96 % av dyrka marka i drift. - Mindre enn 50 daa produktiv skog av høg/middels bonitet omdisponert årleg	a. Ta omsyn til dyrka mark, dyrkbar jord, beite og produktiv skog i plansaker (reguleringsplanar) b. Politkarane tek stilling til kva som skal vere kjerneområde for skogbruk og kjerneområde for jordbruk i samband med revisjon av arealdelen av kommuneplanen for Ål c. Bruke økonomiske verkemiddel i jord- og skogbruket i samsvar med strategisk næringsplan	Årleg 2005-06 Årleg	Ål kommune Sektorutval for teknisk, næring og ressurs/ kommunestyret Ål kommune	
1.5.8 har pårekelege rammevilkår	a. Politisk lobbyarbeid.	Årleg	Politkarane	

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR ÅL 2005-2008
vedteke i kommunestyret 17.02.2005

VEDLEGG

Desse dokumenta har vore bakgrunnsmateriale for revisjonen og er tilgjengelege på Ål kommune si heimeside www.aal.kommune.no under fane planar og Strategisk næringsplan:

1. Status for gjennomføring av vedteken Strategisk næringsplan for Ål, 2000-2004
2. Status for gjennomføring av vedteken Oversiktsplan for skogbruket i Ål
3. Status for gjennomføring av vedteken Tiltaksplan for landbruket
4. Status for gjennomføring av vedteken Beitebruksplan for Ål
5. ”Arbeidsplassar i Ål” – stikkord frå gruppearbeid på ope møte 27.4.04 (Innspel til revisjon av Strategisk næringsplan)
6. Næringsvenlege Ål, rapport frå forstudie juni 2004. Samandrag og tilråding frå spørreundersøkinga ”Ål – næringsvenleg kommune?”
7. Tilråding frå deltakarane på inspirasjonstur til Vågå, juni 2004 04 (Innspel til revisjon av Strategisk næringsplan)
8. Tiltaksstrategi for landbruket i Ål (vedteke i kommunestyret sak 48/04, mai 2004).
9. Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket
10. Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)
11. Handlingsplan for Ål Utvikling as 2004.
12. Utvald statistikk for utviklinga i Ål frå NHO og Buskerud Fylkeskommune
13. Prosjektplan for næringsvenlege Ål (under arbeid)
14. Revidert Omstillingsprogram for Ål kommune med handlingsprogram for 2004
15. Jakt, fiske og utmark: Status og utviklingstrekk.
16. www.hytteveilederen.no